

Retningslinjer for borgarleg vigsel i Granvin herad

1. Heimel

Lov om ekteskap, Forskrift om kommunale vigslar og heradsstyresak 060/17.

2. Kven vier

Ordførar og varaordførar har vigselssmynde etter lova. I tillegg har heradsstyret delegert vigselssmynde til rådmannen.

Brudeparet må sjølv stilla med to vitne som er over 18 år.

3. Kven kan viast i Granvin

Alle som har gyldig prøvingsattest frå folkeregisteret (Ekteskapslova kapittel 2) kan gifta seg i Granvin.

Brudepar der ingen av dei to er busett i Granvin blir pålagt eit vigselssgebyr på kr. 1000,-

Brudeparet må vise gyldig legitimasjon før vigsel kan finne stad.

4. Vigselsrom

Vigslane kan skje i

- a. Formannskapsrommet i heradshuset
- b. Kantina i Mælandshagen
- c. Holvenstova i Bygdatunet

Granvin herad har ansvar for tilrettelegging og enkel pynting av desse lokale.

Det kan opnast for vigsel i andre lokale, men dette må dette avklarast med vigsleren i god tid, og brurefolket må sjølv organisera, pynta og kosta dette. I tillegg kjem eit gebyr på kr. 1000,- til Granvin herad og reisekostnadar etter statens regulativ for vigsleren.

5. Tidspunkt

Vigsel skal normalt skje innanfor heradet si ordinære opningstid.

Det kan opnast for vigsel utanfor opningstid, men dette må avtalast med vigsleren i god tid, og det blir pålagt eit gebyr på kr. 1000,- for dette.

6. Seremoni

Vigslinga skjer etter standard vigselsformular. Dersom brurefolket ynskjer ei utvida seremoni med musikk oa. Må dette avklarast på førehand og brurefolket må organisera dette sjølv.

Etter seremonien skal vigselsboka underskrivast av brureparet, vitne og vigsler. Brurefolket får med seg ein mellombels vigselsattest. Original vigselsattest blir sendt frå folkeregisteret.